

Siren Simonnes vann Kamp Kvinnherad.**25.12.2018**

Gjennom 24 episodar har Kvinnheringen sin adventskalendar, reality-serien Kamp Kvinnherad, gledd lesarane. I dag, på julaftan, var det klart for finale. Det var ein quiz med spørsmål knytta til Fjelberg. I ein svært jamn duell med Nils Trygve Markhus gjekk til slutt Siren Simonnes frå Uskedalen av med sigeren. Ho visste når Fjelberg gjekk saman med Kvinnherad kommune medan Markhus bomma. Vi gratulerer Siren med ein velfortent siger. Ho har gjort ein flott innsats gjennom dei 24 dagane. Saman med dei 9 andre duellantane og produksjonsteamet frå Kvinnheringen, har ho gjeve oss god førjulsunderhaldning. For sigeren vann ho eit gåvekort på 10.000 kr frå Berg Hansen, og det skal brukast til å reisa ein plass det er varmt.

tid